



## DEN 16. NORDISKE LÆRERUDDANNELSESKONFERENCE

### INNOVATION I UNDERVISNING OG LÆRING

<b>Foredragsholder:</b>	<b>Gunn Tone Iversen</b>
<b>Jobtitel:</b>	Høgskolelektor
<b>Kvalifikationer</b>	Master i spesialpedagogikk
<b>Organisation:</b>	Høgskolen på Vestlandet
<b>Titel på Præsentationen:</b>	<b>Studentaktive arbeidsmåtar i lærarutdanninga- eit utviklingsarbeid</b>
<b>Type af præsentation:</b>	Mundtlig præsentation
<b>Sprog:</b>	Skandinavisk
<b>Tema:</b>	<b>5. Nordisk bidrag til læreruddannelse</b>
<b>Abstrakt:</b>	<p>Studentaktive arbeidsmåtar i lærarutdanninga- eit utviklingsarbeid Grunnskulen i Norge legg vekt på læring og utvikling gjennom varierte og praktiske arbeidsmåtar og på kritisk tenking, refleksjon og «etisk bevisstheit» som ein føresetnad for læring (Kunnskapsdepartementet, 2017, Utdanningsdirektoratet, 2019). Tilsvarande er varierte, studentaktive undervisnings- og læringsformer og utvikling av skjøn og evne til kritisk refleksjon forankra både politisk og fagleg i lærarutdanninga (Kunnskapsdepartementet, 2017a, Kunnskapsdepartementet, 2017b). Ved å møte studentaktive læringsmåtar på campus får grunnskulelærarstudentane teoretisk kunnskap og praktiske erfaringar som kan vere med å utvikle deira profesjonelle kompetanse. Profesjonell kompetanse 2 blir her definert som «integrering av teoretisk kunnskap, refleksjonsevne, praktiske ferdigheter og pedagogisk dømmekraft og handlingskompetanse, (...)» (Tangen, Madsen og Løhre, 2018, s. 34). Utviklingsarbeidet blei prøvd ut i faget pedagogikk og elevkunnskap (PEL) første år i lærarutdanninga. I utviklingsarbeidet inngjekk fem seminar. Måla med desse var: 1) at studentane sjølv skulle lære gjennom motiverande, utfordrande, praktisk, variert undervisning, 2) at studentane skulle få eksemplarisk undervisning med praksisrelevante arbeidsmåtar og verktøy som kunne vere med å byggje opp det didaktiske og metodiske repertoaret deira, og 3) at logg som refleksjonsreiskap skulle vere med på å utvikle den pedagogiske refleksjonsevna hos studenten. Spørsmåla eg ønskte svar på, var: Kva slags læringsutbyte rapporterte studentane om? Kva overføringsverdi til praksis såg studentane av dei studentaktive arbeidsmåtane? Kva fekk studentane ut av å nytte loggskrivning som refleksjonsreiskap? (Iversen, 2020). Eg ønsker å presentere nokre dømme på studentaktive arbeidsmåtar frå utviklingsarbeidet og referere nokre «studentstemmer» frå refleksjonsloggane som «svare» på spørsmåla eg stilte. Nøkkelord: profesjonell kompetanse, studentaktive læringsformer, eksemplarisk undervisning, repertoar, refleksjon i lærarutdanninga</p>



Kjelder Iversen, G.T. (2021) Utviklingsarbeid med studentaktive læringsformer i lærarutdanninga. I Ny pedagogisk praksis. Eksempler på praksisorientert forskning i Fagfornyelsen. Dreyers forlag

Kunnskapsdepartementet (2017a). Meld. St.16, (2016-2017). Henta frá <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20162017/id2536007/>

Kunnskapsdepartementet (2017b): Lærarutdanning 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningene Henta frá [https://www.regjeringen.no/contentassets/d0c1da83bce94e2da21d5f631bbae817/kd\\_nasjonal-strategi\\_for-lararutdanningene\\_net\\_11.10.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/d0c1da83bce94e2da21d5f631bbae817/kd_nasjonal-strategi_for-lararutdanningene_net_11.10.pdf)

Tangen, N.T., Madsen, A.Aa. og Løhre, A. (2018). Pedagogikkfagets kraft for lærerstudenter i utdanningen. Nordisk Tidsskrift for pedagogikk og kritikk. Henta 04.06.20 frá <https://utdanningsforskning.no/artikler/pedagogikkfagets-kraft-for-larerstudenter-i-profesjonsutdanningen2/>

Utdanningsdirektoratet (2019). Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. Henta frá <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>